

# Årsmelding 2024

## Foldnes sokn



DEN NORSKE KYRKJA  
Foldnes sokn

Ansvarleg redaktør: Annlaug Børve  
Grafisk produksjon og redaktør:  
Yngvild Mørner Sørheim





Kyrkjekjellaren er blitt tatt i bruk og det har mellom anna blitt arrangert kransverkstad her

# FOLDNES SOKNERÅD



**Per Helge Refvik**  
Soknerådsleiar

## Helsing frå soknerådsleiar

Visjonen til soknerådet er at Foldnes kyrkje skal vere "Di kyrkje for alle dagar". Mange ulike menneske kjem innom kyrkja vår i løpet av eit år, i ulike samanhengar. Vi vonar at alle som kjem, kan kjenne seg velkomne og heime – både i sorg, til kvardags og til fest. Vi ønskjer at kyrkjelyden

vår skal vere eit verktøy for å formidle kunnskap om trua og om Guds omsorg for oss alle, midt i alt som skjer i livet.

Kyrkjelyden vår har mange engasjerte og trufaste støttespelarar. Når vi samlast til gudsteneste er det ei rekke frivillige som bidreg. Nokre er kyrkjevertar, teknikarar, forsongarar, musikarar eller skriftlesarar, medan andre tek del som søndagsskuleleiarar, ansvarlege for kyrkjekaffi eller har andre oppgåver. Takk for den fantastiske innsatsen de alle legg ned.

Mellom søndagane er det mange som gjer ein stor innsats gjennom dei faste aktivitetane i kyrkja. I tillegg er det mange som bidreg gjennom bøn og gjevarteneste. I 2024 fekk vi òg ei større testa-

mentarisk gåve øyremerkt barne- og ungdomsarbeidet i Foldnes sokn. Denne er vi svært takksame for.

Det var òg gledeleg å sjå engasjementet rundt innkjøpet av Hammond-orgelet og innsamlingsaksjonen på orgeldugnaden i haust. Vi har alt fått mykje glede av dette!

Vi har fleire komitéar som arbeider på ulike område. Ein effektiv utsmykkingskomité har gjennomført fleire tiltak for å gjere kyrkja endå finare. Eit diakoniuval planlegg og utviklar det diakonale arbeidet vårt. Ei basargruppe førebur og arrangerer den årlege basaren, noko som sikrar midlar til arbeidet vårt og støttar misjonsprosjekta våre: NMS sitt arbeid i Thailand og Israelsmisjonen sitt prosjekt Jesu døtre.

I 2024 har kyrkjekjellaren verkeleg blitt teken i bruk. Vi har fått midlar til ei 50 % diakonal prosjektleiarstilling knytt til verksemda her. Prosjektleiaren og ei eiga ressursgruppe arbeider med å etablere ulike tiltak, og gjer ein flott jobb med dette.

Takk til alle medarbeidarar for alt de bidrar med!

Vi er òg velsigna med dyktige og engasjerte tilsette som gjer ein uvurderleg innsats. Takk for alt de gjer i den viktige tenesta dykkar!



## Arbeidet i soknerådet

Soknerådet har hatt ni møter i løpet av året, og har handsama 88 saker. Døme på viktige saker vi har arbeidd med:

- Arbeidet med å få i gang aktivitetar i kyrkjekjellaren
- Kjøp og innsamling til Hammondorgel
- Arrangere: Kyrkjelydsweekend, juletreffest, sommaravslutning, «Vi syng jula inn»
- Vidare arbeide med å fornye lydanlegget i kyrkja
- Vurdering av familiearbeidet i soknet
- Strategi- og planarbeid
- Fellesgudsteneste på Bibeldagen
- Vedtak av budsjett og rekneskap
- Evaluering av misjonsprosjekta
- Fastsetje gudstenestelister og offerlister



Fellesgudstenesta på  
Bibeldagen i Straume Forum

## Medlemmar i soknerådet

- Maria Tveten (sokneprest)
- Per Helge Refvik (leiar, varamedlem i fellesrådet)
- Olav Ingard Fjeldstad (nestleiar)
- Torill S. Nyborg (fast medlem i fellesrådet)
- Astrid A. Myskja
- Renate Olsen
- Hein Kvalheim
- Ingelin D. Våge
- Ole Hamre
- Renate Olsen
- Gunnar Innerdal (1. vara og sekretær)
- Bente Madsen (vara)
- Trond Høvik (vara)
- Jan Terje Sønstabø (vara)
- Bjarne Skarestad (vara)

Alle vararepresentantane får innkalling og deltek som regel på alle møta.

Arbeidsutvalet er samansett av Maria Tveten, Per Helge Refvik og Olav Ingard Fjeldstad.

Takk til alle i soknerådet for høgt engasjement og trufast arbeide!



# ÅRSRAPPORT FRÅ SOKNEPRESTEN



**Maria Tveten**  
Sokneprest

## «Di kyrkje for alle dagar»

Ei kyrkjelyd i Den norske kyrkja er levande på alle vis. Den består av levande menneske som kjem saman, i glede og sorg, til kvardag og fest, åleine og i flokk. Kan hende trua er ulik. Nokre kvilar i ei trygg tru, nokre tvilar meir enn dei trur, kan hende nokre tenkjer at dei burde tru på ei anna måte eller vere på anna vis.

Nokre av medlemmane i Den norske kyrkje seier at dei ikkje trur, men dei ønskjer tilknytning og dei ønskjer å vere ei del av Den norske kyrkja.

Så lenge menneska som tilhøyrar kyrkja er levande, vil og trua vere levande. Den kan ikkje settast i bås. Den kan ikkje fangast. Den kan ikkje settast sanne merkelappar på og arkiverast. Trua er levande og Gud er ein levande Gud. Trua kan vere omskifteleg, men Gud er den same, men både kyrkjelyden, trua og Gud er levande!

Visjonen til Foldnes kyrkje er «Di kyrkje for alle dagar», og vi ønskjer at kyrkja kan få bety noko for alle dei levande menneska som høyrer til soknet og at dei kan få erfare at både kyrkjelyden, trua og Gud lever!

## Eit blick på det heile

I år vil eg særleg trekke fram arbeidet som drivast for menneske med nedsatt funksjonsevne, Livets lys. Dette er ei samling for heile kommunen, men dei fleste deltakarane bur på Straume og kjem anten med sine støttekontaktar eller nokre av dei tilsette der dei bur. Samstundes har eg regelmessige andaktar på ei av bustadane, Blombakkane, og kontakten der har ført til at vi no, to år på rad, har invitert til eiga adventsgudsteneste for denne brukargruppa. Vi får tilbakemelding på at det blir satt stor pris på invitasjonen og mange er takksame for kyrkja sitt tilbod

til denne gruppa. Samstundes ønskjer vi å få tak i dei rette kontaktane, slik at informasjonen og invitasjonane når ut til endå fleire brukarar.

Denne hausten fekk Foldnes kyrkje tildelt ei prosjektstilling som diakoniarbeider. Stillinga er i 50% og har som mål å arbeide med «Kyrkjekjellaren som diakonal plattform». I løpet av hausten har det blitt arbeidet grundig med å finne fram til folk og draumar, kva som kan skje og kva som kan bli. Vi håpar at kyrkjekjellaren vil bli til velsigning for heile lokalsamfunnet vi er ei del av, slik at kyrkja vår kan vere «Di kyrkje for alle dagar».

## Statistikk

Det er mykje å glede seg over, og godt å bli minna på noko av det gode som har funne stad i kyrkja vår i 2024. Nærast no er gudstenestene i jula, som framleis er godt besøkt og er tilbake til der vi var før pandemien. Skulegudstenestene er ei diskusjon kvart år, og kan hende det førar til ei større medviten om deltaking på gudstenestane? I alle fall er talet på elevar som deltok på skulegudstenestene i 2024 høgare enn det var i 2023.


Det hender at opplevinga heng saman med realitetane. Tala frå Foldnes visar ei nedgang på 7% i gudstenedeltaking, og det er i tråd med mi oppleving. Samstundes aukar talet på nattverdsdeltakarar; heile 12,5 % frå 2024. Det er og i tråd med mi oppleving. Vi gleder oss over dei gode nattverdstala, samstundes som kyrkja alltid vil håpe på og ønskje ei auke i gudstenedeltakinga.

Den nikenske truvedkjenninga seier «vi trur» istadenfor «eg trur». Nokre gongar er det godt å kunne lene seg på fellesskapet si tru, og samstundes seier vi i den tredje trusartikkel at «Den heilage ande er Herre og gjer levande!» Alt kan hende når vi trur!



# STATISTIKK

## DELTA KING PÅ GUDSTENESTER, TOTALT




Søyla viser det totale talet deltakarar på gudstenester i Foldnes sokn per år. Det er 7% nedgang i gudstenestedeltaking frå 2023 til 2024. Hausten 2023 og våren 2024 var kyrkjerommet i Fjell kyrkje stengt, det kan ha ført til eit høgare tal på døypte i Foldnes, som igjen førar til fleire gudstenestedeltakarar.




Pr. 31.12.2024 er det **8616** medlemmer i Foldnes sokn.

## ANTAL DØYPTTE



## GJENNOMSNITTELEG ANTAL NATTVERDSGJESTAR







# ÅRSRAPPORT FRÅ BARN OG UNGE

## Ein stad å høyre til

Som kyrkje ynskjer vi å vere å vere ein arena der barn og unge kan finne fellesskap, glede og frimod, og der trua og livet får vekse. Slik kan også barn og unge i Foldnes få oppleve: Dette er mi kyrkje for alle dagar!

Det har vore 18 søndagsskulesamlingar i samband med gudstenester i 2024. På samlingane nyttar vi opplegget til søndagsskolen Norge, «Sprell levande». Søndagsskolen i Foldnes blir driven av tre frivillige.

## Småbarnsfasen (0-5 år)

Det har vore til saman 19 babysongsamlingar i Foldnes kyrkje i 2024, og 71% av babyane som blei døypt i år har vore innom. Frå hausten 2024 gjekk babysong frå å vere eit tiltak med påmelding, til å bli "drop-in". No er det fast babysong i kyrkjekjellaren annakvar fredag. Her er det alltid tid til både ein kaffikopp og ein god prat for dei vaksne. På siste samlinga før jul var det julevandring og adventslunsj, der både babyar, foreldre og besteforeldre deltok.

Alle T-dagane i småbarnsfasen har opplegg for heile familien. Dette kjem særleg tydeleg fram på T2, som er ei utandørs påskevandring langs Kyrkjevegen. Denne dagen kjem 2-åringen saman med heile storfamilien sin. Det er først ei påskevandring med ulike stasjonar langs turvegen, etterpå er det samling og måltid inne i kyrkja. Sjølv om det berre var tolv 2-åringar med på vandringa, var det likevel 53 deltakarar på denne t-dagen.

Barnehagebarna møter vi minst to gongar i året: På påskevandringar før påske, og på adventssamlingar før jul. I Foldnes sokn er det 12 barnehagar, og så godt som alle kjem til samlingane i kyrkja. Dette er eit stort arbeid og det er gjensynsglede kvar gong.

## Barneskulefasen (6-12 år)

Lillelördag har samlingar for tweens-alderen (10-13). Her har det lenge vore ein trufast gjeng, men det siste året har det vore ei stor auke i deltakarar. Dette er eit arbeid i vekst, og det er viktig å finne måtar å jobbe på som gjer at kvaliteten blir like god, sjølv når talet på





deltakarar aukar. Lillelørdag har fokus på aktivitet og trivsel med gode og trygge vaksne til stades.

Vi har eit godt samarbeid med barneskulane gjennom skule-kyrkjeutvalet i Øygarden (SKU). Gjennom SKU inviterer vi til besøk på kyrkjegarden for 2. klasse, besøk i kyrkja for 3.klasse, "Bibelreisen" for 5. klasse og adventsgudstenester for heile barneskulen. Arbeidet gjennom SKU har fokus på kulturformidling, undervisning og identitet.

## Ungdomstida

T13 er eit samarbeid mellom T-dagen og dei ulike ungdomsgruppene i Fjell, Foldnes og Landro sokn. T13-dagen skjer på våren i 7. klasse, der deltakarane er i ferd med å ta steget inn i ungdomsskulen. Denne dagen får dei bli kjent med dei ulike gruppene. KRIK har uteaktivitetar, TenSing har kor- og bandseminar og Ungdomslørdag har ansvar for leik og underhaldning. Dette er ein fin måte å integrere nye inn i ungdomsgruppene. I haust har det begynt nye 8. klassingar i både TenSing og Ungdomslørdag.

Hausten 2024 starta Lukas opp med gaminggruppe i kjellaren. Dette skjer samtidig med TenSing på

måndagane. Denne hausten har gaminggruppa for det meste vore ei konfirmantgruppe, men det har vore ein god start som det kan byggast vidare på.

På Ungdomslørdag har det vore ei jamn og fin auke i deltakarar frå i fjor til i år. Det er ein god og stabil kjerne av ungdommar som kjem trufast på samlingane, men òg mange andre som er innover og til. UL har eit variert program, med alt frå overnatting i kyrkja til sushikonkurrans og filmkveld.


Våren 2024 var det 103 ungdommar som deltok i konfirmantåret i Foldnes kyrkje; dette utgjer 106 % av kullet. Konfirmantarbeidet i Foldnes sokn har lenge hatt svært høg oppslutning, og denne har auka endå meir det siste året. Når konfirmantarbeidet er så stort er det særleg viktig å sjå den enkelte. Kvar haust har konfirmantleiarane samtale med kvar enkelt av ungdommane som skal bli konfirmert. Dette er fine samtalar om livet og trua. I tillegg er det alltid fleire ungdommar som treng tilrettelagte opplegg. Det kan enten vere å gå i ei mindre gruppe, eller å få tilrettelagt pedagogisk opplegg. Det er som oftast ein eller fleire ungdommar kvart år, som har eigen konfirmasjonsgudsteneste.






# UTVALDE TRUSOPPLÆRINGSTILTAK

## BABYSONG



## T4 KYRKJEBOK




## T12 LYSVAKEN



## KONFIRMASJON



## ALL TRUSOPPLÆRING 0-18 ÅR







# ÅRSRAPPORT FRÅ DIAKONIARBEIDET

Diakoniarbeidet i 2024 har vore variert og innhaldsrikt. Diakoniutvalet har bestått av diakonimedarbeidaren og fem frivillige. Våren var møta annankvar månad, men hausten har vore litt laber og vi har venta på eit nytt Diakoniutval.

I år fekk me ha alle dei planlagde formiddagstreffa våre. Ein onsdag i månaden møtast 35-40 personar til drøs, song, mat og andeleg påfyll. Kollega Eivind Lie er fast akkompagnatør og bidreg også med solosong. Dei fire frivillige som lager mat og serverer gjer ein kjempeinnsats. Gjennom året har me hatt besøk av til saman 320 personar, og vi har hatt fleire foredragshaldarar.

Sorgarbeidet er ei viktig diakonal teneste, både i samtalar med enkeltpersonar og arrangement.

I år arrangerte me ein felles sorgkveld for alle sokna i Foldnes kyrkje. Vi inviterte tre personar som på kvar sin måte delte sine opplevingar av sorg og kva det har vore.

I forkant av allehelgensgudstenesta, hadde me stand på Sartor senter. Diakon og diakoniarbaidarar delte ut lys og materiell. Me fekk også fleire gode, men korte, samtalar med dei som kom bort til standen. Alle pårørende som hadde mista ein av sine sidan hausten 2023 var spesielt inviterte til gudsteneste. Me las opp alle namna og tente lys for dei avdøde.

Diakonimedarbeidarar tilbyr også samtalar og heimebesøk. Dette inkluderer både sjelesorg og sorgarbeid. Dette arbeidet har hatt ei auke sidan 2023. Me har

også frivillige som reiser på besøk for samtale over ein kaffikopp. Diakonimedarbeidaren har også vore ein del innom Øygarden lokalmedisinsk senter og Straume bu- og servicesenter.

Dette året vart diakonimedarbeidar Ellen trekt inn i arbeidet med «Livets lys». Dette er eit tilbod til alle utviklingshemma i alle aldrar i heile kommunen. Ei samling der me startar i kyrkjerommet med song og musikk og avsluttar med eit kveldsmåltid.

Siste halvdel av 2024 vart Maria Wergeland tilsett som diakonimedarbeidar 50 % knytt til satsinga «kyrkjekjellaren som diakonal plattform» og heile kyrkja er no tilgjengeleg for bruk. Ved at vi no har fleire rom, kan det lettare gå føre seg ulike aktivitetar samstundes og vi vil jobbe for å utvide kontaktflata vår enno meir. Mellom anna har babysong tatt i bruk nye rom og kunne utvide tilbodet sitt. Det har vore arrangert allsongkveldar med open kafe og aktivitetkveld med kransverkstad. Basargruppa og mannsgruppa har samlingar ein gong i månaden og er viktige møteplassar i Foldnes kyrkje. Begge desse gruppene har lang tradisjon og vert drive godt av kyrkjelydsmedlemmer.

I samarbeid med KFUK/M har gaminggruppe for ungdom hatt samlingar om måndagen og møteplassen «Kom sammen» har prøvd ut middagservering for familiar i lokala.

Diakoni har også vore med i undervisning for barn og unge. Planane framover i 2025, er å ha ei aktiv diakoniteneste i soknet.



# ÅRSRAPPORT FRÅ ORGANISTEN



**Aasmund Brekke**  
Organist

## Gudstenester

Musikkarbeidet i gudstenester har følgt same mal som i tidlegare år, med vekt på eit variert musikalsk uttrykk, med bruk av både orgel, piano og band, og med forsongarar på kvar gudsteneste. På nokre av formiddagsgudstenestene og kveldsgudstenestene har det vore med band, eller hammondorgel.

I Foldnes kyrkje er det ei gruppe på omkring 15 frivillige forsongarar som byttar på på å leia salmesongen på så godt som alle gudstenester gjennom året. I tillegg har til saman rundt 10 frivillige musikarar og solosongarar medverka ved ein del av gudstenestene, dessutan har vi nokre gonger leigd inn profesjonelle musikarar.

Elles har fleire kor og korps medverka på gudstenester gjennom året, m.a. Gospelkoret Lokal Vokal med band, Lukas TenSing og Musikklaget Fjellklang.

## Nytt hammondorgel

I 2024 har soknerådet starta og fullført eit prosjekt med innkjøp at eit ekte Hammond tonehjulsorgel, eit Hammond C3 frå 1958. Dette er finansiert heilt utanom soknerådets ordinære budsjett, ved fleire større einskildgåver og ein dugnadskonert med pengeinnsamling som fekk inn over 54.000 kr.

I november vart orgelet sendt til Oslo for full overhaling og oppgradering av Leslie-høgtalar til to hastigheter.

## Musikkarbeid på Ramp-samlingar

Ramp-samlingane har halde fram etter same mal som tidlegare, men med redusert aktivitet i haustsemesteret, med berre tre kveldsmesser pluss julekonsert. Organisten har det musikalske ansvaret, og får hjelp av eit fast husband med tre musikarar som stiller som frivillige, pluss vekslende solistar, i 2024 har det vore med seks frivillige solistar.

## Allsongkveldar

Nytt av året er utprøving av eit opplegg med allsongkveldar i kyrkjekjellaren, med variert allsong kombinert med mulighet til å kjøpa mat i pausen. Det har vore arrangert to slike kveldar i haustsemesteret som har vore middels godt besøkte.

## Korarbeid

Gospelkoret Lokal Vokal øver kvar onsdag under leiing av dirigent Lene Innerdal. I 2024 har koret medverka ved fleire gudstenester og ein klassisk pianokonert. I tillegg har koret arrangert ein stor julekonsert.

Mannskoret Avogtil øver og opptrer av og til, og har sunge på 17. mai, Vi syng jula inn og på høgtidsgudstenesta 1. juledag.







## Konsertar i Foldnes kyrkje

Dette året har det vore følgjande konsertar:

- 21.01: Nyttårskonsert i regi av Norges Korforbund
- 04.02: Gospelsøndag
- 14.02: Valentinskonsert ved Fjellkoret
- 18.02: Klassisk pianokonsert ved Rune Alver og Gospelkoret Lokal Vokal
- 28.03: Ramp påskekonsert
- 01.06: Konsert med Lukas Tensing
- 16.06: Fjellklang sommarkonsert
- 18.09: Kom syng med oss – Gospelkoret Lokal Vokal
- 22.09: Konsert med Vokalgruppen Bless og Askøy Gospelkor
- 01.10: Orgeldugnadskonsert
- 28.11: Stille Natt – Julekonsert med Rune Larsen etc.

- 01.12: Julekonsert med Gospelkoret Lokal Vokal
- 03.12: Ramp adventskonsert
- 06.12: Konsert med Demenskoret i Øygarden
- 09.12: Julekonsert med Lukas TenSing
- 12.12: Generalprøve til Ottiesong med Øygarden kulturskulekor
- 13.12: Ottiesong med Øygarden kulturskulekor
- 15.12: Vi syng jula inn
- 21.12: Konsert med Renate Ekerhovd og Lasse Økland
- 22.12: to konsertar med Fjellkoret

Alt i alt har konsertane vore svært godt besøkt, med eit totalt publikumstal på 1935 på ni utleigekonsertar, og til saman 1146 på dei 10 konsertane vi har arrangert sjølv.



## Medarbeidarane i Foldnes sokneteamb:

Medarbeidar	Stilling
Maria Tveten	Sokneprest
Maria Wergeland	Diakonimedarbeidar og sokneteamsleiar
Aasmund Brekke	Organist
Line Steinsland Mosnes	Administrasjonskonsulent
Ellen Ebbesvik	Diakonimedarbeidar
Elisabeth Møll Jung	Trusopplærar
Beate Sørhus	Kyrkjelydspedagog
Kyung Mi Yun	Ungdomsarbeidar
Dan Yun Aarstad	Ungdomsarbeidar
Janne-Lin Fjeld Andersen	Kyrkjetenar
Odd Ivar Frafjord	Kyrkjetenar
Marte Pernille Tveten	Helgekyrkjetenar

## Årsrekneskap Foldnes sokneråd 2024

Foldnes sokneråd har i 2024 hatt eit samla positivt resultat før avsetjingar til disposisjonsfond på kr 319.034. Samla driftsinntekter var på kr 3.398.060 og samla driftsutgifter var på kr 1.046.330.

Brutto driftsresultat vart etter dette kr 2.351.730. Av dette var kr 2.032.696 testamentarisk gåve som er satt av på bundne fond. Mindreforbruket eks. testamentarisk gåve på kr 319.034 er foreslått avsett til disposisjonsfond. Økonomisk har det soleis vore eit godt år for Foldnes sokneråd.

Foldnes sokneråd har i 2024 brukt kr 115.000 til å dekke 20% ungdomsarbeidar stilling i fellesrådet, samt ekstra ungdomsarbeidar stilling med kr 30.000.

I tillegg er det dekket løn til dirigent i Gospelkoret Lokal Vokal med kr 125.000.

Offer innsamla til egne verksemd utgjør kr 171.199 i 2024. Offer til andre formål utgjorde kr 244.986 og er utbetalt til ein rekke formål i 2024. I fast gjevarteneste er det samla inn totalt kr 234.268, mellom anna kr 162.068 til barne og ungdomsarbeid og kr 21.200 til RAMP. Vidare har Foldnes sokn motteke gåver frå andre på til saman kr 284.617. Av dette er det mellom anna motteke kr 153.027 til lydanlegg.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Foldnes sokneråd på mange ulike måtar i 2024.

